

Kyrkjedøra



Moland kyrkje



Veum kyrkje

Messer i februar 2025:

2/2, 5.s. i openberringstida: Kyndelsmesse

Veum kyrkje kl.11.00.
Offer til preikestolklede.
Sundagsskule.

9/2, 6.s. i openberringstida: Inga messe.

Tysdag 11/2, Salmekveld:

Veum kyrkje kl.19.00.
Offer til kyrkjelydens musikkarbeid.

16/2: Såmannssundag:

Moland kyrkje kl.11.00.
Nattverd. Offer til Bibelselskapet.

23/2: Kristi forklåringsdag:

Veum kyrkje, kl.11.00.
Nattverd. Offer til preikestolklede.

2/3: Fastelavnssundag:

Betel kl. 17.00. Vi tenner fasteljosa.
Offer til Kirkens Nødhjelp.
Kaffi, saft og fastelavnsbollar.

Frå kyrkjeboka og gravprotokollen:



Døde:

Frøydis Mjaaland,
Jostein Vik, Gunther Schlenzig.

Helsing frå presten

Salme nummer 678

*Vi rekker våre hender frem
som tomme skåler.*

*Kom til oss, Gud, og gi oss liv
fra kilder utenfor oss selv.*

«Vi rekker våre hender frem» er ei bøn til Gud. Ei bøn om at Gud må fylle oss med liv. For meg, er det godt å kvile i at Gud er ei kjelde utanfor meg sjølv om gjev liv, styrke, kjærleik og nåde. I vers tre av salmen syng me «Vi løfter våre hender opp i bønn for verden». Me er invitert til vere Guds føter og hender i verda, gjennom å be og å vere til støtte for andre menneske. Men, det er Gud som fyller oss med kjærleik og livskraft. Å vere open for å ta i mot Guds nåde, trur eg kan skape ei forvandling inni oss. I gudstenesta seier eg av og til noko slik som «Gud romar alt me er, på godt og vondt. Me prøvar så godt me kan å gjere vårt beste, men me strekk ikkje alltid heilt til.» Dette seier eg like mykje til meg sjølv som til andre. Eg treng å kvile i at Gud kjenner meg fullt ut og romar alt eg er – òg når eg ikkje har det så bra, ikkje får alt til, og ikkje er på mitt beste. Det er heilt menneskeleg å ikkje klare alt. Når eg kjenner meg tom og svak, øver eg meg på å kvile i Guds nåde.

God februar!

Helsing Marte.



FYRESDAL BARNEGOSPEL

Tysdag 18. og 25. februar

Kl. 16.30 – 17.15 på Betel.

Middag frå kl. 16.00.

Nye og rutinerte songfuglar er velkomne.



Sundag 2. mars er det KORFEST

med SEVENJENTENE, ÅmliGnisten og Fyresdal barnegospel.

Det vert korøving, leik og måltid, som avlsuttast med konsert på Menighetshuset i Åmli.

kl. 09.00 – 15.00

Du kan òg ta med Familiegudstenesta på Betel 02.03 dersom det er plass.

Fastelavnsbollar og besøk av Kirkens Nødhjelp.



Ungdomskveldar på Betel i februar 2025: (Skippergata 8, sentrum Fyresdal)

Torsdag 13. februar og torsdag 27. februar,
blir det Mekking & Mat & fleire aktivitetar
for ungdom frå 13 – 19 år,

men eigentleg er det inga aldersgrense.
(27.februar blir det QUIZ også).



Kl 16.00 – 20.00. Møt opp og ha det gøy!

Tak kontakt med Emilie på kyrkjekontoret dersom du vil vite
meir.

Kyrkjeskyss: Treng du skyss til gudstenester
eller andre kyrkjelege samlingar, så tak kontakt med
kyrkjekontoret, seinast fredagen føre messa.



Kyrkjekontoret, Emilie Gravklev: 350 67 133 / 481 86 104 / emilie.gravklev@fyresdal.kommune.no
Sokneprest, M.M.Dybdal: 471 77 227 - Kantor, F. Brander: 958 60 923 – Kyrkjjetenar, Laje Bendik Gaaren: 992 79 053
Prostidiakon, E. Erikstein: 911 13 580